



Dato: 14.08.2024

Stad: Brattvåg bowling

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Nytt Rotaryår - Komitémøte

Presidenten ønska velkomen til nytt Rotaryår.

Ho delte sine tankar om året som ligg framfor oss, og ikkje uventa kan vi vente oss stor aktivitet og mykje moro.

Siste del av møte gjekk med til komitémøte med planlegging av det nye året over ein god pizza.

ML

Dato: 21.08.2024

Hovedinnslag: Avlyst

Opprinneleg møte avlyst grunna den tragiske brannen i Våghallgata der vårt kjære medlem, Marianne Karlsnes og mannen hennar, Per Atle, begge omkom.

Presidenten tok i staden initiativ til ei minnesamling i naustet sitt på Synnaland.

Godt og møtast og minnast eit kjært medlem!

Dato: 28.08.2024

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Wenche Uksnøy:

ÅKP/NCE Blue Legasea

Presidenten opna møtet med å minnast Marianne Karlsnes og mannen hennar, Per Atle, som så tragisk omkom då heimen deira i Våghall brann ned i førre veke.



Brattvågtausa Wenche Uksnøy har ein mangfoldig og allsidig yrkeskarriere bak seg. Dei seinare åra har ho hatt sitt virke på NMK for innovasjonsselskapet ÅKP.

Wenche har vore leiar for klyngeprogrammet NCE Blue Legasea.

NCE Blue Legasea samlar ressursar, erfaring og kunnskap frå alle delar av den marine verdikjeden, i tett samspel med maritim sektor. Dette gir eit unikt utgangspunkt for å utvikle norsk fiskerinæring og samtidig gjere Noreg til en foregangsnaasjon innan berekraftig verdiskaping basert på 100 % utnytting av marint råstoff.

Wenche orienterte på ein engasjert og informativ om både selskapet ÅKP og meir spesifikt om arbeidet sitt som leiar for Blue Legasea.

Lenke for spesielt interesserte:

[Hjem - Åkp \(aakp.no\)](http://Hjem - Åkp (aakp.no))

Dato: 04.09.2024

Stad: Vadsetosen

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Notkast i Vadsetosen

Årets notkast i Vadsetosen går i minneboka som eit av det beste, i alle fall når det kjem til fangsten. Ivrige fiskarar hadde gjort unna eit kast kvelden før (for å vere på den sikra sida) og som var svært lovande før kveldens kast. Eit stort og interessert publikum venta spent på nota då den vart dratt opp og dei vart ikkje skuffa! Store og mindre sprellande fisk, for det meste aure, vart plukka opp i vasskanten.



Og ikkje lenge etterpå var den gjort opp, grilla og servert med mykje godt attåt.



Takk til alle som på ulikt vis gjorde denne kvelden til ei fin og triveleg oppleving!



ML

Dato: 11.09.2024

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Planlegging – Rotarymarsjen

Etter ein del Rotaryinfo, m.a. om eit komande lotteri, vart Rotarymarsjen 2024 tema. Arrangementet går av stabelen 22. september og går langs turløypa rundt Synnalsvatnet. Vi vart etter ein gjennomgang i plenum, delt inn i grupper der planar vart lagt og oppgåver fordelt.

ML

Dato: 22.09.2024

Stad: Synnalsvatnet/Rotaryhuken

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Rotarymarsjen



Eit bra turvêr og eit godt oppmøte var ramma kring årets Rotarymarsj.

Ordførar Vebjørn Krogsæter opna marsjen på parkeringsplassen i nordenden og turdeltakarane kunne starte opp. Langs løypa var det tre postar med gjettekonsurransar, det handla om mengde, vekt og volum.



Vel i mål ved Rotaryhuken var det i tillegg til kaffi, saft og kaker, lagt opp til ulike aktivitetar. Vi observerte at både trimapparata, klatreveggen og balanseløypa var populære innslag, spesielt blant dei yngste.



Presidenten leia opplegget på supert vis og det var talar både frå ordførar og Hilde, som i denne samanhengen var representant for Friluftsrådet på Sunnmøre.

Den flotte bjørnen, utlånt av kunstnar Nils Kristen, vart avduka til stor applaus. Den skal i første omgang stå ved Rotaryhuken for å ønske turgåarar god tur.



Vi registrerer at det gode arbeidet klubben vår har utført i dette flotte turområdet i stadig større grad vert verdsett av bygdefolket. Det bør i stor grad inspirere til vidare innsats! ML

Dato: 25.09.2024

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Hovedinnslag:

Fritt møte/Presidentens møte

Vi evaluerte søndagens Rotarymarsj. Vi var fornøgde med oppmøte, 90-100 store og små møtte opp og tok del. Ordførar og Friluftsrådet kom med fine talar som m.a. inneheldt godord både om klubben og arrangementet. Flott tale også av presidenten vår!

Behovet for eit godt lydanlegg til bruk ute er stort. Ein vil vurdere eit innkjøpsamarbeid med «Parkjengen» ML